

## REFERAT

Dato : 26. november 2019 kl 1900

Tilstade : Irene, Jostein, Hallgeir, Elin, Anders og Evy.

Rolf Dyrhol kunne ikkje kome, då han deltok på Soknerådsmøtet på Leikong.

Anders ynskte velkomen. Det var ingen kommentarar til innkalling og sakliste.

### **Sak 24/19 Godkjenning av referat frå sist møte.**

Godkjent og ingen kommentarar.

Vi var einige om at Soknerådskurset var lærerikt og opplysende. Det kunne godt inneholdt forslag og idear til soknerådsarbeidet.

### **Sak 25/19 Gjennomgang av post.**

- Henvendelse om Gudstenesta 1. juledag, tidspunkt er kl 1200.
- Kirkens SOS vil ha kontaktperson, før opp Evy Anita Storøy som kontaktperson.
- Henvendelse frå kyrkjekontoret om at vi har fått ei nyinnflytta familie, bosatt i Trolldalen, Tjørnvåg. Det er ei mor med to yngre gutar. Ho har fått liste med oversikt over Gudstenestene. Kyrkjevertane vil vere oppmerksom på når dei møter i kyrkja og ta dei vel i mot. Dei snakkar godt engelsk.

### **Sak 14/19 Julekonsert 15. desember kl 1600**

15. desember 2019 kl 1600. Programmet er klart.

Sigmund Aksnes	-	programleiar
Tjørnvåg og Myråg Musikkorps	-	dirigent Tone Larsen
• Glade jul		
• Det kimar no til julefest		
Cervix Vocales	-	dirigent Øyvind Granden Berg
HML Varden	-	dirigent Helg Kristin Sætre
Sofie Vågsholm Rooney, tverrfløyte		
• Jul, jul, strålande jul		
Andakt ved Jens Terje Johnsen		
Marit Dalsbø akkompagnert av Atle Hovden Havåg		
Herøy Kyrkjekor	-	dirigent Dag johan Flattun
Fellesnummer og allsong «Deilig er jorden»		

## Indre Herøy Sokneråd

Kollekt ved utgangen til «Kyrkjemusikalsk arbeid» Vipps #563595

<b>OPPGÅVER I FORKANT</b>	<b>ANSVARLEG</b>
Framskaffe fullstendig oversikt over programmet.	Evy
Kontakte Sigmund ang. programmet. Spørje om han vil dirigere og organisere fellesnummeret. Viss ikkje – spør Atle eller Tone.	Hallgeir
Kontakte Atle angående kva dei to andre allsongane skal vere.	Evy
Lage PowerPoint presentasjon med program og allsongar, infomasjon om kollekt og Vippsnr.	Evy
Sende programmet til kyrkjekontoret for oppretting av arrangement på Facebook og annonse i Vestlandsnytt.	Evy
Kontakte rektor ved Stokksund skule om lån av ca 20 stolar. Kanskje dei treng stolar til julefesten 17. desember og kan vere behjelpelige med å frakte dei?	Anders
Kjøpe inn/få sponsa pepperkaker og mandarinar.	Anders

<b>OPPGÅVER KONSERTDAGEN</b>	<b>ANSVARLEG</b>
Låse opp kyrkja til 1500.	Kyrkjetenar/ Anders
Ansvar for utdeling av salmebok, bevertning og kollekt ved utgongen	Irene, Nina, Elin og Hallgeir

### **Sak 26/19 Lysmesse 1. desember 2019**

Britt Hilde Slettebakk og Bjørg Warholm er kyrkjevertar. Dei tek seg også av kappene til konfirmantane. Anders informerar Britt Hilde om at konfirmantane skal møte opp kl 1400, slik at dei får finne fram kappene i god tid før lysmessa.

Etter lysmessa er det julegrantenning. Lysa er testa og klar.

**Sak 27/19 Årshjul**

Anders har laga eit flott forslag til Årshjul. Etter innspel frå soknerådet ser dette no slik ut:

<b>Månad</b>	<b>Oppgåver</b>
Januar	Kyrkjevert, Offersøknadar/Budsjett Kyrkjevert, Gudstenesteplan for våren
Februar	Rekneskap/budsjett, årsmelding og årsplan
Mars	Rapport frå utval og tilsette, Gudstenesteliv, kyrkjemusikk Årsmøte
April	Budsjett, gi innspel til fellesrådet sitt budsjett Dugnad
Mai	Haustprogrammet Konfirmasjon
Juni	Vurdering av arbeidet i halvåret
August	Medarbeidarsamling Offersøknadar, kyrkjevert, Gudstenesteplan for hausten
September	Kommunikasjon, heimeside
Oktober	Barne- og ungdomsarbeidet, diakoni Helgemesse søndag
November	Målsetting for nesteår Julekonsert – forbereding
Desember	Vurdering av halvåret, planar/budsjett, val og oppnemningar

Vi ynskjer også å få med trusopplæringfasene i Årshjulet vårt. Dette må vi få tilbakemelding frå trusopplærarane på. Ansvarlig for å gi tilbakemelding: Bjørg Kvalsund.

**Eventuelt**

- ***Gudsteneste julaftan***

Elin sjekkar med Atle om det er planlagt noko soloinnslag. Viss ikkje spør ho Elina Tarberg eller Celina Frøystad om å synge ein eller to norske julesongar.

- **Blomsterhelsing til pårørende**

Tradisjonen tru delar soknerådet ut blomster til dei pårørende til dei som har gått bort i inneverande år. Anders får ei liste med kyrkjekontoret og vi fordelar utbringinga mellom medlemmane.

*Evy Anita Storøy*  
*ref*